



Q-5

Side 1 av 4

EUB LTD  
Nedre Eikanger 21  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1032 - 15/6781

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
08.04.2015

## GBNR 23/546 - Løyve til grunn- og planeringsarbeider

**Administrativt vedtak. Saknr: 92/2015**

**Tiltakshavar:** Harald Norheim  
**Ansvarleg søker:** EUB ltd v/Dag Eivind Hagesæter  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav k (vesentleg terrenginngrep)

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om løyve til å utføre grunn- og terregnarbeid på gbnr 23/546 i Meland kommune. Det er søkt om planeringshøgde på kote ca 25,6 moh. Det er opplyst i søknaden at løyve til oppføring av bustad på eideomen vil verte sendt inn på eit seinare tidspunkt.

Søknaden er vurdert i samanheng med søknad om løyve til oppføring av bustad på gbnr 23/527. Løyve til sistnemnde tiltak vart gjeve ved vedtak av 8.4.2015, arkivsakid 14/4267.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført 16.3.2015.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla 23. og 24.3.2015, i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknadar frå nokre av dei varsle partane. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsle, jf. pbl. § 21-3.

Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 23/546 ligg som uregulert LNF-område i gjeldande kommuneplan (KPA). Parsellen vart utskilt frå gbnr 23/527 i 2015, med det føremål å byggje einebustad på parsellen.

For avklaring av alle naudsynte dispensasjonar og løyve til deling av eigedomen gbnr 23/527 vert det vist til administrative vedtak i sak 14/4267 og 14/3581. Omsøkt tiltak er avklart i høve til plangrunnlaget og krev ikkje ytterlegare dispensasjonar.

Plassering, utforming mv:

Tiltaket skal utformast og plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 8.4.2015. Ytterlegare vurderingar knytt til krava i pbl kap 29 er det naturleg å handsame ved søknad om løyve til oppføring av bustad på eigedomen.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav k, jf pbl § 21-4, løyve til utføring av grunnarbeider på gbnr 23/546 i samsvar med søknad journalført 16.3.2015.

Plassering av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 8.4.2015. Tiltaket vert godkjent med planeringshøgde på kote 25,6 moh.

Dei opplysningsar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

For godkjenning av ansvarsrettar vert det vist til løyve til oppføring av einebustad på gbnr 23/527, arkivsakid 14/4267, som gjeld tilsvarende så langt dei høver.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

(Q-5)

Side 3 av 4

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Godkjent situasjonsplan - gbnr 23-546

**(Q-5)**

Side 4 av 4

**Mottakere:**

EUB LTD

Nedre Eikanger 21 5913

EIKANGERVÅG